



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 20.06.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Ann Christin Hoen	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Johnny Ystebø	SP	Sara Hamre Sekkingstad – SP
Olav Steinar Namtvedt	SP	Dag Sætre – SP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Frode Hervik - SP
Jan Tore Hvidsten	V	Ståle Villanger - V
Ingunn Færø Valdernesnes	KRF	David Pletten Aasgard - KRF

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, leiar teknisk forvaltning, Silje Haukedal i sak 18/2019, arealplanleggar Rolf Raknes i sak 18/2019, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

Det møtte 24 av 25 representantar i kommunestyret.

Orienteringar:

- Status og framdrift i arbeidet med Alver kommune v/programansvarleg/rådmann Ørjan Forthun Raknes.
- Samanslåing Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt v/revisjonssjef Janne Eraker.
- Forvaltningsrapport «Tidleg innsats i oppvekstsektoren» v/Tonje Husum Aarland i Nordhordland Revisjon IKS
- Kommunal vassforsyning/drikkevatt v/rådmann Jarle Landås

Nordhordlandspakken - krav om sak i KS:

Under godkjenning av saklista reiste representanten Vidar Grindheim (H) spørsmål ved den politiske handteringa av Nordhordlandspakken. Han viste til plansak i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk 10. april, "Mindre planendring - veg Marås-Soltveit - godkjenning". Saka var søkt om som mindre planendring av privat plan. Grindheim meiner dette er ei for viktig og prinsipiell sak til å bli handsama som plansak med "mindre endring" i hovudutvalet, og han tok til ordet for at saka må handsamast i kommunestyret.

Ordføraren sette på denne bakgrunn fram følgjande røystetema:

Kommunestyret røystar over om kommunestyret skal ta stilling til om sak 026/2019 i hovudutvalet, "Mindre planendring - veg Marås-Soltveit – godkjenning», skal handsamast i kommunestyret.

Røystetalet vart 12-12.

Høgre/FrP/KrF/Venstre/2 AP røysta for at kommunestyret skal ta stilling til å setja saka på sakskartet. SP/3 AP røysta i mot.

Ettersom det krevst to-tredels fleirtal i kommunestyret for at ei sak skal setjast på sakskartet i kommunestyret, vart Vidar Grindheim sitt framlegg avvist.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

## Saksliste

Saksnr	Tittel
006/2019	Meldingar og referatsaker
007/2019	Forvaltningsrevisjon - tidleg innsats i oppvekstsektoren
008/2019	Rekneskap og årsmelding 2018
009/2019	Ekstraordinære tilskotsordningar 2019 - retningslinjer
010/2019	Disponering av mindreforbruk 2018
011/2019	Tertialmelding januar - april 2019
012/2019	Budsjettregulering vår 2019
013/2019	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
014/2019	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken
015/2019	Kommunal garanti for lån Aufera AS
016/2019	Inventar til ny barnehageavdeling Solhall
017/2019	Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage
018/2019	Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - temarevisjon - godkjenning
019/2019	Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvefelleskap, samarbeidsavtale §19

## 006/2019: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Status Alver kommune v /programansvarleg/rådmann Ørjan Forthus Raknes: Programansvarleg gav ei grundig orientering om status og framdrift i bygginga av Alver kommune. Han konkluderte med at prosessane er i rute. Programansvarleg svara på fleire spørsmål.

Samanslåing av revisjonsselskap: Revisjonssjef Janne Eraker i Nordhordland Revisjon IKS, orienterte om samanslåinga av Nordhordland Revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Det er gjort framlegg om Vestlandsrevisjon IKS som namn på det nye selskapet. Eraker sa at det nye selskapet tar mål av seg å vera eit attraktivt revisjonsselskap i marknaden, med eit større fagmiljø og fleire tilsette - og dermed mindre sårbare, enn utan samanslåing. Selskapet skal etter plane ha kontor både i Knarvik og på Voss.

Radøy kommune går ut av Nordhordland Revisjon IKS frå 31. desember 2019, i samband med at Alver kommune då er etablert som ny kommune.

### Kommunalt vassverk/drikkevatt - orientering v/rådmann Jarle Landås:

Forureina drikkevatt er på agendaen i alle norske kommunar etter hendinga på Askøy. Rådmann Jarle Landås orienterte om situasjonen for kommunalt vassverk og drikkevatt i Radøy. Han konkluderte med at kommunen har eit godt system for å kvalitetssikra drikkevattet, utfrå prøvetaking og metodar som er godkjend av Mattilsynet. Kommunen leverer godt vatn i Radøy etter dei kvalitetskrav som er sett. Rådmannen peika på at oppfølging og kvalitetssikring av drikkevassforsyninga er ein kontinuerleg jobb. Kommunen har hatt ein relativt høg utskiftingstakt på gamle røyr, men framleis er det ein del gammalt røyrsystem i bruk. Rådmannen viste til at det no er i ferd med å bli utarbeidd ein risiko- og beredskapsanalyse for Alver kommune, der vatn er eit viktig element. Han sa at ingen av Alver-kommunane har uteståande krav frå Mattilsynet.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

---

## 007/2019: Forvaltningsrevisjon - tidleg innsats i oppvekstsektoren

### Behandling:

Tonje Husum Aarland i Nordhordland Revisjon IKS orienterte om forvaltningsrevisjonen. Revisjonen si vurdering er at Radøy har eit solid fundament å byggja på i arbeidet med tidleg innsats. Det vert i rapporten konkludert med at Radøy har vore ein nasjonal føregangskommune i tilnærminga til tidleg innsats (La linea), og det heilskaplege tankesettet ligg til grunn for arbeidet med tidleg innsats i dag.

Revisjonen har ikkje funne noko avvik i forvaltningsrevisjon om tidleg innsats i oppvekstsektoren, men kjem med følgjande tilrådingar:

- Revisjonen tilrår at Radøy kommune:

- vurderer tiltak for i større grad forankra overordna styringsdokument i organisasjonen

- arbeider med å utvikla einsarta praksis i barnehagar og skular
- arbeider med erfaringsutveksling innad i organisasjonen og synleggjering og formidling av «dei gode historiene»
- gjennomgår overgangsplanar for barnehage-barneskule og barneskule-ungdomsskule for å sikra at desse er fullstendige og i samsvar med praksis i einingane
- gjennomgår kommunale malar for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for å sikra intern konsistens og sakshandsaming i samsvar med gjeldande lovverk.

Ordførar Jon Askeland sa i si oppsummering at forvaltningsrapporten er ei god tillitserklæring til kommunen, og at den på ein fin måte kvitterer ut både kommunestyret og tilsette sitt langsiktige arbeid innan skulen, lenge under særst tronge økonomiske rammer. Rapporten gjev ingen avvik, noko som er sjeldan. Forbettringspunkta som er peika på, vert tatt i arbeidet med Alver.

Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding.

#### Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgja opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Kommunestyret ønskjer at ein tverrfagleg fokus, som konseptet La linea byggjer på, vert vektlagt i arbeidet med utvikling og utøving av tenester innan barnehage, skule og helse for barn og unge i Alver kommune.

Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å koma med ei tilbakemelding til kommunestyret / fellesnemnda om korleis tilrådingane i rapporten vert planlagt følgd opp.

---

#### 008/2019: Rekneskap og årsmelding 2018

##### Behandling:

Ordføraren takka rådmannen og det politiske miljøet både for resultatet i 2018, og ikkje minst samarbeidet og viljen over tid til å tryggja økonomien i kommunen. Han viste til at det har vore breie politiske forlik bak hovudlinjene i økonomien over tid, som har ført oss dit me er i dag.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

#### Vedtak:

Rekneskap og årsmelding for 2018 vert godkjent slik dei ligg føre.

---

## 009/2019: Ekstraordinære tilskotsordningar 2019 - retningslinjer

### Behandling:

Leif Taule (SP) reknar med at det vil koma veldig mange søknader til denne ekstraordinære tilskotsordninga. På vegne av Senterpartiet gav han signal om at formannskapet kan koma tilbake til kommunestyret med innstilling om meir midlar til ordninga, dersom ramma på to millionar kroner skulle visa seg å vera for knapp sett i høve til gode prosjekt.

### Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande endringsframlegg:

Første setning i nest siste kulepunkt blir stroke.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding, med endringsframlegg sett fram i møtet.

### Vedtak:

Radøy kommune opprettar ei ekstraordinær søkbar tilskotsordning til lag og organisasjonar. Økonomisk ramme vert fastsett i sak om "disponering om mindreforbruk 2018".

### Vilkår for ordninga:

- Ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.
- Det vert sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vert 1 000 000 sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løyving pr tiltak og kr 500 000 kr til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løyving pr tiltak.
- Det vert sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løyving på 75 000 kr pr lag.
- Dersom det ikkje er søknader på begge ordningar, kan det løyvast til den andre ordninga innan totalramma.
- Søknaden skal innehalda ein omtale av tiltak, og budsjett for tiltaket.
- Alle fire skulekrinsane skal verta tilgodesett (føresett at det kjem søknader).
- Rådmannen administrerer og lyser ut ordninga. Søknadsfristen vert sett til 1. september. Formannskapet gjer endeleg vedtak i saka.
- Tiltaka skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket. · Unyttta midlar eller midlar nytta i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. mars 2021.

---

## 010/2019: Disponering av mindreforbruk 2018

### Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Bokført mindreforbruk frå 2018, kr 21.431.337 vert sett av til fritt disposisjonsfond. Frå disposisjonsfondet skal det øyremerkast kr 2.000.000,- til søkbar ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjonar.

---

**011/2019: Tertialmelding januar - april 2019**

**Behandling:**

Leif Taule (SP) reiste spørsmål ved status for det planlagde høgdebassenget i Haukåsen. Rådmannen svara at saka no ligg hjå kommuneadvokaten, og at det no kan vera grunnlag for å få til ein kontraktsavtale om grunnnavståing.

Rådmannen svara også på spørsmål frå Silje Namtvedt (SP) og Kirsti Gjetle Floen (AP) om høgt sjukefråver. Rådmannen sa at dette er ei kompleks utfordring. Det har vore sett inn ulike tiltak, og rådmannen har håp om at det no vil skje ei utvikling i positiv retning.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Tertialmelding for perioden januar – april 2019 vert godkjent slik den ligg føre.

---

**012/2019: Budsjettregulering vår 2019**

**Behandling:**

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om drift og investeringar i 2019. Han viste til ein reduksjon i inntektsutjamning på 1,669.000 kroner, som eit resultat av at folketalsutviklinga i Radøy er svakare enn landsgjennomsnittet.

Skatteinngangen viser så langt ein auke, og økonomisjefen registrerer ei positiv utvikling.

Økonomisjefen la fram tal som viser at netto auke i drift er på 2.075.000 kroner, som det er gjort framlegg om å dekkja inn frå disposisjonsfondet. Samla bruk av disposisjonsfond i 2019 vil dermed auka frå 13,5 mill. til 15.5 mill.

Økonomisjefen peika på at fleire av tiltaka som ligg inne i reguleringa vil medføra permanent auka driftsnivå.

**Budsjettreguleringa omfattar følgjande investeringar:**

- Sæbø skule uteområde, rebudsjettering 0,3 mill
- Radøy ungdomsskule, naturfagsal 1,1 mill
- Turveg/lysløype Manger, vidare utbygging 2,4 mill

- Inventar og utstyr Solhall 0,66 mill
- Prestegarden/Tingstova 0,15 mill
- Finansierert ved tilsvarande reduksjon i løyving Bø barnehage 2019, men dette kjem att i 2020
- Trafikksikringstiltak, m.a. veglys, 2,7 mill

Det er lagt asfalt på kommunale vegar for ca 9 mill. sidan 2014. På årets budsjett er det løyvd 2 mill. til asfaltering - og brukt 500.000 kroner - meirforbruket er dekket inn i framlegg til budsjettregulering. Leif Taule (SP) sa at han ønskjer å fullføra lista over planlagt asfaltering av kommunale vegar.

Taule ba om gruppemøte.

På vegne av SP, AP KrF sette Leif Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

a. Asfaltering - pluss kr 1.000.000,- (i tillegg til formannskapet si tilråding på kr 500.000,-) Dekning over disposisjonsfondet.

b. Mindre investeringar - pluss kr 1.000.000,-. Inndekking ved redusert løyving til Bø barnehage Midlane skal prioriterast til:

- Ferdigstilling av uteområde Sæbø skule
- Oppgradering ballbinge Sæbø skule
- Oppgradering uteområdet Hordabø skule

Rådmannen svara på spørsmål at det er bruk for mindre midlar enn 1 mill kr for å oppfylle lista over asfaltering. Ordførar presiserte at tilleggsramma vil vera maksramme for dei strekningane som er lagt fram for formannskapet, og fekk medhald i dette.

Leif Taule (SP) sette fram følgjande tilleggsframlegg på vegne av SP:

Radøy kommunestyre set av kr 200.000,- til gjennomføring av forprosjekt for planlegging og finansiering av ei allmennsoge for Radøy. Kostnaden skal dekkast over disposisjonsfondet.

Prosjektet har følgjande mandat:

- Innhald og omfang for allmennsoga
- Organisering, tidsplan og framlegg til bygdebokskrivar
- Kostnadsoverslag
- Finansiering
- Samarbeidspartar

Tidsfrist: 1. mars 2020

Formannskapet får fullmakt til å setja ned eit utval til å gjennomføra prosjektet.

Roy Bø (FrP) meiner det er behov for å styrka psykologtenesta i Radøy. Han peika på at det manglar tilbod til dei som er over 25 år.

I samsvar med Bø konkluderte ordførar med at dette innspilet vert teke opp i formannskapet for drøfting.

Else Marie Skartveit (KRF) etterlyste kva som vert gjort for å betra heisforholda for rørslehemma i terapibassenget.

Kenneth Taule Murberg (H) signalerte klar motstand mot allmennsoge-prosjektet.

Normann Sæbø (H) stilte spørsmål om framdrift for Bø barnehage. Rådmannen svara at det ikkje vert full oppstart av riving og bygging av ny barnehage på Bø før borna er flytta til Solhall. Det vil skje etter sommarferien, men det blir vurdert om det er mogleg med delvis oppstart av arbeidet tidlegare.



**Avrøysting:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Fellesframlegg SP/AP/KRF - a): Samrøystes

Fellesframlegg SP/AP/KRF - b): Samrøystes

Framlegg frå Leif Taule (SP) - forprosjekt allmennsoge - vedteke med 17 røyster mot 7 (Høgre, FrP, 1 AP)

Etter dette har kommunestyret vedteke formannskapet si tilråding med følgjande tillegg:

Asfaltering - pluss kr 1.000.000,-

dekning over disposisjonsfondet

Mindre investeringar - pluss kr 1.000.000,-

Midlane skal prioriterast til:

- Ferdigstilling av uteområde Sæbø skule

- Oppgradering ballbinge Sæbø skule

- Oppgradering uteområdet Hordabø skule

Inndekking ved redusert løyving til Bø barnehage

Radøy kommunestyre set av kr 200.000,- til gjennomføring av forprosjekt for planlegging og finansiering av ei allmennsoge for Radøy. Kostnaden skal dekkast over disposisjonsfondet.

Prosjektet har følgjande mandat:

- Innhald og omfang for allmennsoga

- Organisering, tidsplan og framlegg til bygdebokskrivar

- Kostnadsoverslag

- Finansiering

- Samarbeidspartar

Tidsfrist: 1. mars 2020

Formannskapet får fullmakt til å setja ned eit utval til å gjennomføra prosjektet.

**Vedtak:**

Budsjett 2019 vert endra i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A, 1B, 2A og 2B

---

**Drift skjema 1A og 1B**

---

**Skjema 1A**

Redusert eigedomsskatt	400 000
Auka utbytte BKK	(1 738 000)
Redusert rammetilskot	1 669 000
Kompensasjon borfall verk og bruk	(40 000)
Auka skatteinngang	(282 000)
Bruk av disposisjonsfond	(2 075 000)
<b>Sum endring skjema 1A</b>	<b>(2 066 000)</b>

---

**Skjema 1B**

---

Sum stab og fellestenester	-
Sum oppvekst	853 000
Sum helse og omsorg	91 000
Sum drift og forvaltning	1 122 000

<b>Sum 1B</b>	<b>2 066 000</b>
---------------	------------------

---

**Investering skjema 2A og 2B****Skjema 2A**

Bruk av lån, unyttede lånemidler	(5 360 000)
<b>Sum skjema 2A</b>	<b>(5 360 000)</b>

---

**Skjema 2B**

Overføring kyrkja	4 700 000
Trafikksikringstiltak	2 750 000
Bø barnehage	(6 850 000)
Sæbø skule uteområde, meirkostnad	300 000
Radøy ungdomsskule oppgradering	1 100 000
Turveg/lysløype Manger	2 400 000
Straum til Klesvika	150 000
Inventar og utstyr Solhall	660 000
Prestegarden/Tingstova	150 000
<b>Sum skjema 2B</b>	<b>5 360 000</b>

**Kommunestyret har gjort følgjande tillegg:**

Asfaltering - pluss kr 1.000.000,-  
dekning over disposisjonsfondet

Mindre investeringar - pluss kr 1.000.000,-

Midlane skal prioriterast til:

- Ferdigstilling av uteområde Sæbø skule
  - Oppgradering ballbinge Sæbø skule
  - Oppgradering uteområdet Hordabø skule
- Inndekking ved redusert løyving til Bø barnehage

Radøy kommunestyre set av kr 200.000,- til gjennomføring av forprosjekt for planlegging og finansiering av ei allmennsøge for Radøy. Kostnaden skal dekkast over disposisjonsfondet.

Prosjektet har følgjande mandat:

- Innhald og omfang for allmennsøga
- Organisering, tidsplan og framlegg til bygdebokskrivar
- Kostnadsoverslag
- Finansiering
- Samarbeidspartar

Tidsfrist: 1. mars 2020

Formannskapet får fullmakt til å setja ned eit utval til å gjennomføra prosjektet.

---

013/2019: Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

Behandling:

Kommunestyret vedtok å gje David Pletten Aasgard (KrF) fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune for resten av valperioden.  
Kommunestyret gjorde suppleringsval i samsvar med valnemnda (formannskapet) si innstilling.

#### Vedtak:

David Pletten Aasgard (KrF) får fritak frå sine politiske verv for resten av valperioden.

Det vart gjort følgjande val:

#### Medlemmar i kontrollutvalet

Astrid Nordanger (AP)  
Siv Beate Marøy (H)  
Finn Frantzen (KrF)  
Nils Bård Nødtvedt (FrP)  
Kjersti Haugland (SP)

#### Varamedlemmar

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Ludvig Grindheim (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. Elin Morken (SP)

Leiar: Astrid Nordanger (AP)

Nestleiar: Finn Frantzen (KrF)

Arvid K. Aasgard erstattar Finn Frantzen som 2. varamedlem i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk

Arvid K. Aasgard erstattar David Pletten Aasgard som medlem i samarbeidsutvalet ved Radøy ungdomsskule.

---

## 014/2019: Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

#### Behandling:

Agnes Hoshovde Bernes (V) peika på at det er behov for å redusera biltrafikken betydeleg for å nå vedtekne klimamål.

#### Hoshovden Bernes sette fram følgjande endringsframlegg:

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken.

Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 30 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt.

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betala 0 prosent av taksten til takstgruppe 2.

Endringsframlegget sett fram i møtet fekk 10 røyster og fall (V, KrF, 1 AP (Morgan Taule), 3 H (Christel Villanger Håland, Henning Haugland, Normann Sæbø), 1 SP (Johnny Ystebø)).

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding med 14 røyster mot 10.

**Vedtak:**

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt.

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

---

**015/2019: Kommunal garanti for lån Aufera AS**

**Behandling:**

Kommunestyret tok stilling til inhabilitet hjå fleire av medlemmane i denne saka.

Vidar Grindheim (H) og Kirsti Gjetle Floen (AP) sit i styret i Aufera AS. Kommunestyret erklærte Grindheim og Floen inhabile, og dei deltok difor ikkje i handsaminga av saka.

Else Marie Skartveit Dale (KRF) og Josten Borlaug (AP) er medlemmar i representantskapet i Aufera AS. Kommunestyret kjende dei inhabile, og dei deltok ikkje i handsaminga av saka.

Morgan Taule (AP) er dagleg leiar i konkurrerande selskap, og ba kommunestyret vurdera habiliteten sin.

Kommunestyret kjende Taule inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Med 19 røyster (samrøystes) vedtok kommunestyret formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av seksjon I gnr 45, bnr 264 I Radøy kommune.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 12.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 13.750.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 30 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Vestland.

Det er ein føresetnad for å gje garanti at det vert etablert avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis fordeling av mogelege utbetalingar under garantien.

---

**016/2019: Inventar til ny barnehageavdeling Solhall**

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Kostnadsramme for investering i inventar og utstyr til ny barnehageavdeling på Solhall, prosjekt nr 27135, vert sett til kr 660.000. Finansiering ved bruk av unytta lånemidlar.

---

017/2019: Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Kostnadsramme for bygging av ny barnehage på Bø vert fastsett til kr 69.200.000,- inkludert meirverdiavgift.

---

018/2019: Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - temarevisjon - godkjenning

**Behandling:**

Leiar teknisk forvaltning, Silje Haukedal, og arealplanleggar Rolf Raknes orienterte og svara på spørsmål.

Dei viste til kva som har vore ramme for temarevisjonen. Føresegnene er blitt samordna og kommunedekkande. Strandsone og havområda er omfatta av revisjonen - men ikkje arealendring, noko som ville utløyst konsekvensutgreiing (KU). Endringar for bustader i LNF medfører no at det er svært mange som vil få gjera tiltak utan å søkja dispensasjon.

Det er utarbeidd funksjonell strandsoneanalyse, analyse i LNF spreidd, gjennomgang av byggegrense mot sjø, og samanslåing av plankart og førsesegner.

Administrasjonen har hatt hovudfokus på løysing av motsegner frå regionale styresmakter. "LNF spreidd eksisterande" er justert i samsvar med Fylkesmannen i Vestland sine krav til avgrensing. Kulturminner er lagt inn i samsvar med fylkeskommunen sine krav.

Mange av dei generelle merknadene som er kome inn, er i hovudsak knytt til tema som ikkje fell inn under denne delrevisjonen av kommuneplanen. Mange av desse merknadane er knytt til arealendring som igjen ville utløyst full konsekvensutgreiing (KU). Det vart peika på at slike endringar eventuelt må venta til det vert gjort full rullering av kommuneplanen (i Alver kommune).

Oppsummert vart det vist til at Radøy kommune no får ein - samla plan med inn i Alver kommune. Administrasjonen konkluderte med at det er oppnådd mykje forbetring i kommuneplanen innanfor ramme i temarevisjonen, som vil gjera det lettare for innbyggjarane. Det vil ikkje vera dispensasjonar for tiltak på dei fleste bustader som i dag ligg på frådelt tomt i LNF. Det er samsvar mellom

kulturminneplan og kommuneplan. Det er eit tydeleg regelverk for byggegrense mot sjø og vassdrag.

Kommunestyret godkjende formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Kommunestyret godkjende framlegg til revidert kommuneplan, med heimel i plan- og bygningslova § 11-15, slik den ligg føre.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

---

019/2019: Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvefellesskap, samarbeidsavtale §19

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si innstilling.

**Vedtak:**

1. Radøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.

2. Radøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

---